



I dag var dei lydabsorberande takplatene på plass i heile taket i Gamleskulen og det kan trygt slåast fast at dei er ein suksess. No kan ein normal samtale førast sjølv om det er mange i lokalet. og det er eit stort framsteg,

Ikkje minst difor var det mange blide besøkjande på Tlaren i dag, 55 vaksne og 23 born i talet. Med andre ord var det ein av dei beste tysdagane denne sommaren.

Utanfor var dei 4 iherdige jentene som dagen før samla inn til Redd Barna i full gang att etter å ha notert 1772 kroner i kassa. 1500 kroner skreiv seg frå panteflaskene. No er sikkert 2000 passert.

Foto: Ola Matti Mathisen

